Kirkens SOS

*Kirkens SOS i Bjørgvin*
*Kalfarveien 79*
*5022 Bergen*
*Adm: 55 32 58 45*

*bjorgvin@kirkens-sos.no*

*Bank: 3624 58 80191*
*Org.nr. 971 352 221*

Lindås kommune
v/ ordføraren

5955 Isdalstø

Bergen 27. mars 2015

# SØKNAD OM DRIFTSSTØTTE FOR 2015

Vi søkjer med dette Lindås kommune om å bidra til at Kirkens SOS kan halde fram med å gje eit døgnope sjølvmordsførebyggjande tilbod til alle innbyggarane i Hordaland og Sogn og Fjordane. Vi har ein krevjande økonomi. Driftsstøtta frå kommunane varierer frå kr. 1,- til 3,50 pr. innbyggjar.

Kirkens SOS står for om lag halvparten av all hjelpetelefoni i Noreg, og er i tillegg store på SOS-meldingar og SOS-chat. Vi leverer tenester med høg fagleg kvalitet og med låge kostnader. Med 112 frivillige og 5,1 tilsette driv Kirkens SOS i Bjørgvin sjølvmordsførebyggjande, døgnopen kriseteneste med Hordaland og Sogn og Fjordane som særleg ansvarsområde. Vi svarer på 70 telefonar, SOS-meldingar og SOS-chat kvart døgn, heile året. 57 % av alle chattar handlar om sjølvmordstankar.

Meir om Kirkens SOS i Bjørgvin:

- Vaktrom i Førde og Bergen.
- Er eit av 12 lokale sentre som driv krisetenesta Kirkens SOS.
- I 2014 svarte Kirkens SOS i Bjørgvin på 22.673 telefonsamtalar, 1.563 SOS-chattar og 1.246 SOS-meldingar.
- 2.331 telefonsamtalar handla om sjølvmord.
- Flest jenter skriv, mens like mange menn som kvinner ringjer.
- Dei som ringer snakkar mest om psykiske problem, kjensla av å vere aleine eller relasjonsproblem. I SOS-meldingar og SOS-chat er sjølvskading, sjølvmord og seksuelle overgrep dei vanlegaste tema.
- Kirkens SOS er til stades uansett problemstilling, kjønn, alder eller seksuell legning. Vi spør ikkje om livssyn. Vi lyttar og tek imot det vonde vedkomande kjenner på. Mange seier at utan Kirkens SOS hadde dei ikkje halde seg fast i livet.
- Elevane i ungdoms-, vidaregåande- og folkehøgskular får tilsendt informasjonsmateriell.
- Vår lokale oppbygging er eit representantskap og eit driftsstyre. Vi har ingen eigarar som sørgjer for nødvendige driftsmidlar.

**Ingen kommune kan aleine gje eit slikt tilbod til sine innbyggjarar.**

Med helsing

Greta Gramstad
dagleg leiar

Karl Dag Bærug
nestleiar

**Vedlegg:** Rekneskap 2014 og budsjett for 2015

# Budsjett 2015

| INNTEKTER | Budsjett 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|
| Staten | 1 460 000 | 1 460 474 |
| Bergen kommune | 918 000 | 903 000 |
| Hordaland fylkeskommune | 180 000 | 170 000 |
| Sogn og Fjordane fylkeskommune | 75 000 | 75 000 |
| Andre kommuner | 45 000 | 44 485 |
| Kirken, ofringer og faste bidrag | 355 000 | 338 550 |
| Bergen Kirkelige fellesråd | 90 000 | 90 000 |
| Bjørgvin bispedømmeråd | 97 000 | 96 728 |
| Givertjeneste | 40 000 | 35 450 |
| Internasj. prosjektinntekter | 115 000 | 90 000 |
| Honorarer/andre inntekter | 26 000 | 25 384 |
| Gaver/fond/legater | **1 043 000** | 832 294 |
| Refusjon Norsk kr.studieråd | 15 000 | 12 880 |
| Momskompensasjon | 247 000 | 247 105 |
| Renteinntekter | 65 000 | 72 260 |
| **SUM** | **4 774 000** | ***4 493 610*** |

| UTGIFTER | Budsjett 2015 | Regnskap 2014 |
|---|---|---|
| Personalkostnader | 3 832 000 | 3 760 702 |
| Kostnader lokaler | 296 000 | 240 138 |
| Kostnader kontor | 237 000 | 191 192 |
| Synlighet | 120 000 | 102 806 |
| Fagutvikling frivillige/ansatte/landsmøte | 245 000 | 199 159 |
| Finanskostnader | 5 000 | 4 973 |
| Diverse kostnader | 39 000 | 30 051 |
| **SUM** | **4 774 000** | **4 529 021** |